Hovedmålet med tiltaket er å legge bedre til rette for trygg og god framkomst for mjuke trafikantar langs Salhusvegen. Området er under utvikling som næringsområde, og behovet for tilbud til mjuke trafikantar aukar på grunn av utbygginga. Det skal byggjast sykkelveg med fortau på sørvestsida langs Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen. Strekinga er om lag 2 km lang. Eksisterande køyreveg med tilhøyrande kryss, avkjørslar og holdeplassar skal også utbetrast. Total breidde for gang- og sykkelvegen er 4,5 meter inkludert skulder. Det er planlagt fem busslommer etter utbetningsstandard. Prosjektoptimalisering pågår som del av ferdigstilling av planforslag.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Nei	
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Det manglar tilbud til mjuke trafikantar på strekninga. Nytt tilbud vil difor gjere framkomsten betre for desse trafikantgruppene på strekninga.
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Prosjektet er ei forlenging av gang- og sykkelvegprosjektet på søraustre del av Salhusvegen. Strekingen koplur Ulset vest og Toppeområdet (område med tett busetnad) saman med Åsane sentrale deler.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Strekingar har ikkje eige tilbud til gåande og syklende i dag. Tiltaket gjer det tryggare å ferdist på strekninga som mjuke trafikant og for kollektivreisande til og frå haldeplassar.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	Nei.

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket fører til betre trafikktryggleik og legg til rette for overføring av reiser med bil til miljøvennlege transportformer. Sykkelpotensialet på strekninga er rekna til om lag 300 syklende pr døgn, det meste knytt til arbeidsreiser. Behovet er i stor grad vurdert å vere knytt til lokaltrafikk/arbeidsreiser lokalt i Åsane, og til ein viss grad arbeidsreiser til andre bydelar, og transportsyklistar frå Alver kommune. Det er få som har denne strekninga som skuleveg.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Strekninga er definert som sykkelrute i sykkelnett for Bergen kommune, og ligg i utbyggingsfase 2 (Sykkelstrategi for Bergen, 2020-2030).

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Tiltaket betrar framkomsten for kollektivtrafikk ved å utbetre vegen og haldeplassane, i tillegg til at det vert gode tilkomstar til haldeplassane. Trafikktryggleiken vert betra ved at mjuke trafikantar får eit godt utforma vegnett å ferdast



Finansiering

Totalkostnad (type)

Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 147800

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midlar			2 000	10 400	41 400	94 000
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Reguleringsplan; Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Midlene over er antatte gjennomføringskostnader og tentativ periodisering av disse. I 2019 vart det utarbeidd anslag utført av SVV etter anslagsmetoden, med grunnlag i reguleringsplanforslag. Kostnaden var da reikna til 176,9 mill 2019-kroner. Det er gjort endringer i planforslaget etter dette. Det vart gjennomført eit forenkla anslag i samband med rulleringen 2026-2029. Ved årsskiftet 2025/2026 skal det gjøres nytt anslag etter at det er utført ei avgrensa høring i samband med ferdigstilling av planforslag. Det vil takast byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag før eventuell realisering av tiltaket. Kostnadsestimat er usikre til denne vurderingen ligg føre. Privat næringsvirksomhet med rekkefølgekrav knyttet til seg på strekningen bidrar med anleggsbidrag. Dette vil detaljeres ved senere rulleringer av handlingsprogrammet. Det kan være aktuelt å dele tiltaket i byggetrinn. Der første trinn vil være fra påkobling eksisterende tilbud og fram til industriområdet. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringer, der oppdragsgiver ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne påvirke kostnader i prosjektene, men dette er det for tidlig å si noe om og vil måtte vurderast i kommende rulleringer av handlingsprogrammet.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta? Ja

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt? 2026/2027

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjujing

Det vart varsla formell planoppstart november 2018. Planutkast er oversendt Bergen kommune 26.10.2021. Bergen kommune fatta vedtak om utlegging til offentlig ettersyn 16.06.2022. Planutkastet skal på avgrensa høyring årsskiftet 2025/ 2026. Reguleringsplanarbeidet held fram, prosjektoptimalisering skjer som del av ferdigstilling av planforslag. Estimert planvedtak i 2026/2027.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdjujing

Grunnerverv må startes opp når reguleringsplan er gjennomført.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjujing

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdjujing

Tentativt: Oppstart prosjektering tidlegast frå 2027.



Fv5354 Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Nei
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

Hovudformålet med prosjektet er å gjere det betre og tryggare for mjuke trafikantar å ferdast langs Garnesvegen, frå Bommane i Indre Arna til Garnes. Strekninga er 3,2 km. Det manglar tilbod til mjuke trafikantar på store delar av strekninga. Dagens veg er smal, 5-7 meter, og går gjennom etablerte byggjeområde i bratt terreng. Sentralt i området ligg Garnes barneskule, Garnes ungdomsskule og Arna vidaregåande skule. Behovet for tilbod til mjuke trafikantar er i stor grad vurdert å vere knytt til lokaltrafikk/skuleveg. Statens vegvesen utarbeida eit planforslag med sykkelveg med fortrau, som låg til offentleg ettersyn i 2019. Høyringa, merknadshandsaming og kostnadvurdering synte behov for redusert omfang av planlagde tiltak. Fylkeskommunen overtok planforslaget i 2021 og har lagt til grunn endra føresetnadar for planarbeidet. Det har blitt gjennomført eit forprosjekt (ferdig august 22) med gjennomgang av planforslaget. Tilrådinga er at det blir etablert eit smalare gatetverrsnitt, med redusert fartsgrense, og med tosidig fortau til skuleområdet, og einssidig fortau vidare til krysset ved Rasmusvegen. Det er tilrådd at heile strekninga bør regulerast og byggast, men det er skissert ei mogleg etappevis utbygging, der strekninga Bommane-skuleområdet bør byggast ut først. Det vert behov for ny planoppstart pga endra måloppnåing og løysingar i prosjektet.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Strekninga er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar i dag, og ferdsel skjer stort sett på lokale vegar med meir høgdeskilnadar og lengre avstandar. Strekninga vil bli ein snarveg mellom skuleområda og Indre Arna.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Same grunngeving som over.

Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Ja, dette tilbodet vil gi betre samanheng for gåande mellom Garnes og Indre Arna. Tiltaket vil også gi noko betre samanheng for syklande i ei gate meir tilpassa blanda trafikk (lågare fartsnivå), og på fortau for dei som vel å nytte dette.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Eige tilbod for gåande, redusert fartsnivå og oppgradering av gata med betre belysning og tryggare kryssingspunkt vil betre trafikktryggleiken, særleg for mjuke trafikantar. I tillegg blir det tryggare tilkomst til haldeplassar.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Til ein viss grad. Knyter byutviklingsområde til sentrum.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	Nei

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket fører til betre trafikktryggleik, lågare fart, og legg til rette for overføring av reiser med bil til miljøvennlege transportformer. Sykkelpotensialet på strekinga er rekna til om lag 300 syklande pr døgn, reiser knytt til skule, fritid og arbeid.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Redusere tal trafikkulukker – 0-visjonen. Fleire skal gå og sykle – NTP og RTP God måloppnåing på Gåstrategi for Bergen. Delvis måloppnåing for. Sykkelstrategi for Bergen, ved at løysingane er sykling i blanda trafikk men med lågare fartsnivå enn i dag. Fortetting i KPA2018, Områdeplanar for Indre Arna og Storanestet. Prosjektet forbedrar dagens situasjon for mjuke trafikantar.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Tiltaket betrar framkomsten for kollektivtrafikk ved å utbetre vegen og haldeplassane, i tillegg til at det vert gode tilkomst til haldeplassane. Trafikktryggleiken vert betra ved at mjuke trafikantar får eit godt utforma vegnett å ferdast på, særleg knytt opp mot skule, då det ligg tre skular tett på Garnes



Finansiering

Totalkostnad (type)

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Kostnadsvurdering utdyping

Heile det opprinnelige prosjektet er i 2017 kostnadsrekna til 504 mill.kr. i Anslag (P50 kostnad). Statens vegvesen si tilråding om å avgrense prosjektet til 1. byggetrinn «Bomma» – kryss Øvre Seimsmark, er rekna til P50 kostnad 400,57 mill. 2017 kr. Kostnader i redusert prosjekt blir vurdert av fylkeskommunen. Det vil måtte gjennomførast nytt anslag i samband med ein eventuell ny reguleringsplan. Ny plan er framleis ikkje starta opp. Det er ikkje lagt inn tall ved denne rulleringa av handlingsprogrammet.

Er prosjekt vurdert av byggherre? Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Ikkje vurdert



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta? Nei

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping Gjennomgang av planforslag/ forprosjekt var ferdig i 2022 og avdekket behov for at det vert meldt oppstart av reguleringsplan på nytt. Opphavsplan er formelt avslutta.

Status grunnerverv Ikkje avklart

Status grunnerverv utdjuping Ikkje relevant pt.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjuping Ikkje relevant pt.

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdjuping

Ved tidspunkt for innlevering av prosjektark ligg det ikkje føre planmidlar i det fylkeskommunale budsjettet til oppstart av ny reguleringsplan i 2026, men Hovudutval for samferdsel og mobilitet har fattet slikt vedtak: "Hovudutval for samferdsel og mobilitet ser behov for planmidlar til planlegging av tiltak Fv. 5354 Arna-Garnes, Garnesvegen Bommane–Rasmusvegen (Bergen), og ønskjer å prioritere dette. Vi vil komme tilbake til finansiering i budsjett for 2026". Tiltaket må vurderast på nytt ved framtidige rulleringar av handlingsprogrammet.



Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sentrum
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

Målet med prosjektet er å etablere eit attraktivt tilbod til mjuke trafikantar, slik at flest mogleg kan velje å gå og sykle. Strekinga har i dag mangelfullt tilbod med blanda gang- og sykkelveg, som tidvis skiftar side. Prosjektet omfattar bygging av til saman vel 1,6 km sykkelveg med fortau. Vel 1,4 km på austsida av Storetveitvegen mellom Hagerups vei og Fantoftkrysset vidare forbi Storetveit skule og i tillegg 150 m langs Fantoftvegen. Det blir også bygd ca 130 meter fortau mot Storetveit skule/Kirkeveien. Det blir etablert lysregulert kryssing av Storetveitvegen 200 m sør for Fantoftkrysset. Sideskyving av rundkøring ved Hagerups vei. Reduksjon av fartsgrense og vegbreidde inngår i planforslaget. Fartsgrensa blir truleg redusert til 40 km/t.(dimensjonert for, og likt resten av området).



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Gåande og syklende vil få eit meir samanhengande tilbod slik at det blir mindre behov for kryssing av veg. Gåande og syklende får separate anlegg. Dette gjer anlegget meir effektivt for mjuke trafikantar.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Same grunn som over.
Betre heilskap/samheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Ja, separat nett for gåande og syklende blir utbedra og gir betre heilheit i det konkrete området, men ein er avhengig av å få bygd ut strekinga ned til Minde Allé for å få god måloppnåing av tiltaket.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Trafikktryggleiken vert auka ved at det blir bygd eit sykkel-system som er skilt frå anna trafikk, og ved at gåande og syklende er separert.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	

Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Strekninga har dårleg tilbod i dag, med smal felles gang- og sykkelveg. Utbygging til sykkelveg med fortau legg til rette for at fleire, i alle aldersgrupper kan velje å reise på sykkel og til fots framfor med bil. Løysinga legg godt til rette for å tiltrekke seg nye grupper syklistar som er trygghettsøkande.
--	----	--

Samfunnsøkonomisk nytte

Strekninga ligg som utbyggingsfase 1 i sykkelstrategi for Bergen, med svært høgt potensiale for syklande (1000-2000 pr døgn). Vil bidra til å overføre reiser frå personbil til sykkel og gange. Tiltaket vert rekna å ha god samfunnsøkonomisk lønnsomheit, men dette er avhengig av at tilbodet til mjuke trafikantar også vert betra nord i Storetveitvegen.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Strekninga ligg som utbyggingsfase 1 i sykkelstrategi for Bergen, med svært høgt potensiale for syklande

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Komplementere kollektivtransport, bedre folkehelsa og auka trafikktryggleik.

Finansiering

Totalkostnad (type)	Antatt totalkostnad
Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)	305300

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midlar		4 000	10 000	18 000		
Bygging	Statlege post 30-midlar				3 000	15 000	203 950
MVA	Fylkeskommunale midlar				570	2 850	47 930

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Fylkeskommunen har utført anslag på reguleringsplanen og dette tilseier 295 mill 2025 kr. Det vil utførast byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag før realisering av tiltaket. Kostnadsestimater er usikre til denne vurderingen ligg føre. Det er utført prosjektoptimalisering og kostnadsreducerande grep i samband med ferdigstilling av reguleringsplan.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Det må vurderast i prosjekteringsfasen.

Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta? Ja

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt? 2026

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping

Planforslag er oversendt kommunen frå statens vegvesen i 2019 og var på høyring i 2021. Handsaming av merknader i 2022 avdekka trong for justering av planforslag. Planen vart delt i to i 2024 etter initiativ frå fylkeskommunen for å optimalisere framdrift. I oktober 2025 er framlegg til reguleringsplanoverlevert til slutthandsaming i Bergen kommune. Det er håp om vedtak på reguleringsplan i 2026.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdjuping

Grunnerverv vil starte når vedtak på reguleringsplan ligg føre.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjuping

Grunnboringer er gjort. Det er utarbeidet geotekniske rapporter.


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping

Det vert lagt opp til oppstart av prosjektering så snart det ligg føre vedtak på reguleringsplanen. Tentativ framdrift: prosjektering og grunnerverv frå 2026. Godgjenning av konstruksjonar i Vegdirektoratet vil kunne verke inn på framdrifta. Sluttoppgjer truleg 2031/2032

Nattlandsveien, Wiers-Jenssens vei -Hagerupsvei

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sentrum
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

Nattlandsveien har høg trafikk og er ei viktig kollektivåre. Strekninga inngår i prioritert sykkelnett i Bergen kommune og er ei viktig lenke i vegnettet både for syklande, gåande og køyrande, men tilbodet til mjuke trafikantar er svært variabelt og mangelfullt. Strekninga er ulukkesutsett, og framstår ikkje som attraktivt for mjuke trafikantar. Bussane på strekninga blir tidvis forseinka av kø, særleg inn mot lyskrysset ved Hagerups vei. Kollektivhaldeplassane på strekninga ligg tett, og fleire har behov for utbetring og eventuell ny lokalisering. Det er naudsynt å få utbeta strekninga for å nå målsetjingar om auka tal gåande, syklande og kollektivreisande i området. Tiltaket omfatter oppgradering av fv585 Nattlandsveien frå Hagerups vei til Mannsverk (inkludert krysset med Wier-Jenssens vei). Det blir behov for oppgradering av heile gata, med sykkelfelt, fortau og mogleg kollektivfelt frå Landåstorget til Hagerups vei. Strekninga er om lag 900 m, og er første etappe av utbygging i Nattlandveien. For å få eit einsarta system for syklande er det viktig å få planlagt heile strekninga til Birkelundstoppen samla, og dette arbeidet pågår. Prosjektet inkluderer også sykkelfelt langs Hagerups vei frå Nattlandsveien til Birkeveien.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklande?	Ja	Gåande og syklande vil få eit meir samanhengande tilbod slik at det blir mindre behov for kryssing av veg, og mindre konflikt med andre trafikantar. Dette gjer anlegget meir effektivt. Tiltaket vil gi bedre framkommelighet og innkorta køyretid for kollektivtrafikken på strekninga.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklande?	Ja	Same grunn som over.
Betre heilskap/samheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Tiltaket vil gi ein bedre sammenheng i gang- og sykkeltilbodet i Nattlandsveien frå søndre delar av Bergensdalen.

Betre trafikktryggleik? Ja Trafikktryggleiken vert auka ved at det blir bygd eit sykkel-system som er skilt frå anna trafikk, og ved at gåande og syklende er separert.

Redusere behovet for personbil-reiser ved effektiv arealutnytting? Nei

Færre personbilreiser på andre måtar? Nei Nei.

Samfunnsøkonomisk nytte

Strekninga ligg som utbyggingsfase 1 i sykkelstrategi for Bergen, med høgt potensiale for syklende (rundt 1000 pr døgn). Det vil bidra til å overføre reiser frå personbil til sykkel, gange og kollektiv. Tiltaket vert rekna å ha god måloppnåing med omsyn til samfunnsøkonomi.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket bygger opp rundt sentral arealutvikling i Bergensdalen og utvikling av busetnaden i søndre del av Nattlandsveien, Mannsverk og Landås. Strekingen ligg innanfor ytre fortettingssone og byfortettingssone i KPA. Prosjektet er forankra i Sykkelstrategi for Bergen, der strekninga er del av sykkelnettet og ligg i utbyggingsfase 1. Prosjektet er i tråd med gjeldande strategi for kollektiv.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Tiltaket legg til rette for etablering av eit attraktivt og trafikksikkert tilbod for gåande, syklende og kollektivtrafikken på strekingen, i tillegg til at tiltaket betrar trafikktryggleiken for øvrig trafikk.



Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 219600

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midlar			3 000	10 000	8 000	
Bygging	Statlege post 30-midlar					20 000	146 900
MVA	Fylkeskommunale midlar					3 800	27 900

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Midlene over er antatte gjennomføringskostnader og tentativ periodisering av disse. Kostnadane for gjennomføring av tiltaket er basert på anslag som er utarbeidd i samband med reguleringsplan for Storetveitvegen -Minde Alle' fra oktober 2023. Desse kostnadane er truleg høge, men er det beste estimatet vi har pt. Kostnadane for strekninga er grovt vurdert ut frå dette anslaget. Fylkeskommunen vil gjennomføre anslag på reguleringsplan for tiltaket i samband med ferdigstilling av plan og byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlag før realisering av tiltaket. Kostnadsestimater er usikre til denne vurderingen foreligger. Merk:I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.

Er prosjekt vurdert av byggherre?	Ja
Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?	Ikke vurdert pt.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?	Ja
Har arbeidet med reguleringsplan starta?	Ja
Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?	2027

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. Det er gjennomført oppstartsmøte og det vert meldt formell oppstart på reguleringsplan hausten 2023. Arbeid med utarbeiding av planutkast vil halde fram i 2026. Det er håp om vedtak på reguleringsplan i 2027.

Status grunnerverv Ikke avklart

Status grunnerverv utdjuping Grunnerverv må startes opp når reguleringsplan er gjennomført.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjuping Det er gjennomført undersøkelse med georadar på streknin-gen.

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdjuping

Tentativt: . Det er håp om vedtak på reguleringsplan i 2027. Prosjektering tidligst fra hausten 2027. Tidligst oppstart bygging frå 2029. Vlfk vil starte prosjektering så snart reguleringsplan er vedteke.



Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sentrum
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Statens vegvesen
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

Parsellen går frå Bradbenken via Sandvikstorget til Glass Knag og bind saman sykkeltilbodet frå sentrum nordover retning Åsane. Prosjektet ligg i hovudsak langs fylkesveg og litt langs E39 heilt i nord før Munkebotstunnelen, men sykkelruta er eit erstatningstilbod for Fløyfjellstunnelen og dermed eit riksvegprosjekt. Prosjektet inkluderer også eit godt tilbod til gåande og dessutan kollektivfelt. På strekinga mellom Bradbenken og kryss med Sandviksvegen blir etablert sykkelveg. Prosjektet skal bidra til auka trafikktryggleik for alle trafikantgrupper på strekinga og betre situasjonen for syklistar og gåande med skilt tilbod. Det skal også skape trafikksikre kryssingspunkt og redusere ulykkesfrekvens, og dessutan betre framkomme for kollektivtrafikk i Gjensidigekrysset.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Nei	
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Det blir samanhengande sykkelveg frå Bradbenken til Glass Knag. I dag er det sykkelfelt på delar av strekinga. Ved Sandvikstorget skal det etablerast ein signalregulert sykkelkryssing som sikrar trygg kryssing av fylkesvegen. Dagens sykkelfelt mot nord stansar etter Gjensidigekrysset, utan at det er nokon tilrettelagde kryssing.
Betre heilskap/samheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Det blir lagt til rette med sykkelveg som er delt frå trafikken, noko som medfører at tiltaket vil kjennast tryggare og det vil bli meir attraktivt å sykle på strekinga.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Fysisk skilje mellom køyrande og syklistar, tilrettelagd sykkelkryssing, signalregulering av Gjensidigekrysset.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	

Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Ved å leggje til rette med eigen sykkelveg og lysregulering av det ulykkesbelasta Gjensidigekrysset, sikrast det ei trygg framkomme, noko som igjen vil medføre at fleire velje sykkel som framkomstmiddel.
--	----	---

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket er ikkje berekna, men legg til rette for betre forhold for syklende og kollektiv og vil bidra å overføre reiser frå personbil til desse transportformene. Tiltaket blir rekna for å ha god måloppnåing når det gjeld samfunnsøkonomi med høg nytte basert på forventa auka talet på syklende og auka trafikktryggleik og tryggleikskjensle.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet er forankra i det overordna målet for gå- og sykkelstrategi i Bergen. Tiltaket er hovudrute i sykkelstrategi for Bergen 2010-2019 og prioritert sykkelnett i sykkelstrategi for perioden 2020-2030.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Tiltaket legg til rette for etablering av eit attraktivt og trafiksikkert tilbod for syklende, i tillegg til at tiltaket betrar trafikktryggleiken elles køyretrafikk, og betrar forholda for kollektiv. Fleire nye røyr blir etablerte under E39/Fv577 som del av Bergen kommunes arbeidar med flaum,- og overvannsproblematik i området.



Finansiering

Totalkostnad (type) Styringsramme

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 227 800

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Statlege post 30-midlar	220 100		7 700			
MVA							

Kostnadsvurdering Byggherreoverslag

Kostnadsvurdering utdyping Prosjektet er i anleggsfase. Eksternt tilskot er venta rekvirert i 2026.

Er prosjekt vurdert av byggherre? Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak? Prosjektet er ein del av E39 sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6bc, og bind saman sykkeltilbodet mellom Glass Knag i nord, og Bradbenken i sør. Sykkeltilbodet nord og sør for parsellen blir bygd ut saman med bybaneutbygginga mot Åsane.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping	Ikkje aktuelt
Status grunnerverv	Avklart
Status grunnerverv utdjuping	Nødvendige grunnavtalar er på plass.
Forberedande arbeid	Detaljprosjektering ferdig
Forberedande arbeid utdjuping	Entreprisen ble lyst ut juni 2023. Prekvalifisering, evaluering av tilbud og forhandlinger høsten 2023.

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	
				1. kvartal 2021	4. kvartal 2022	2. kvartal 2024	4. kvartal 2026	4. kvartal 2026


Gjennomføringsplan utdjuping

Bygginga av prosjektet starta i april 2024. Delstrekninga frå Bradbenken til Sandvikstorget skal vere ferdig sommaren 2025, medan den nordlege delstrekninga frå Sandvikstorget til Glass Knag skal vere ferdig sommaren 2026. Pr. oktober 2025 er prosjektet om lag eit halvår forsinka, grunna ein del utfordringar på strekninga Gjensidigekrysset-Reperbanen. Det pågår også forhandlingar med OBOS om gjennomføring av strekninga forbi Kristianholm, som er kring 300 meter lang. Dersom dette blir noko av, vil det gi auka måloppnåing då det ellers ikkje vil være nok areal til å kunne bygge fullverdig sykkelveg med fortau på denne strekninga. Delstrekning 6b frå Bradbenken til Sandvikstorget, som er kring 1,5 km lang, blei ferdigstilt og overlevert til vegeigar i oktober 2025.



Nonneseter

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sentrum
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune; Bergen kommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune; Bergen kommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune; Bergen kommune

Prosjektomtale og føremål

Etablering av nye gangakser, torgareal og utviding av haldeplassareal og fortau på Nonneseter for å betre framkomst for mjuke trafikantar i området. Prosjektet omfattar riving av Sølvvarefabrikken og tilhørande leilighetsbygg og opparbeiding av området til torg med nytt tilgjengeleg areal for mjuke trafikantar. Optimalisering av kollektivhaldeplass og areal til mjuke trafikantar ved bruk av "shared space". Tiltaket er eit kompromiss mellom mange faginstansar. Det har vore tett samhandling mellom lokale, regionale myndigheter og fortidsminneforeningen for å finne fram til eit realiserbart konsept. Det er vesentlig å få fram at tiltaket ikkje ville vore mogleg utan at Riksantikvaren hadde gitt tilslutnad både til endeleg løysing for området og til metode for riving av bygningane. Merk: Det er ein føresetnad for riving og opparbeiding av nytt byrom at kulturminna Tårnfoten, Korkapellet og grunnen i området skal takesat i vare på ein god måte. I dette ligg behovet for nøye avveining og grunngiving mellom behov for utvida plass for mjuke trafikantgrupper og omsynet til freda bygrunn, der det frå tidlegare utgraving er kunnskap om at det ligg kulturminner. Dette gjeld spesielt mellom Tårnfoten og haldeplassen. Tiltaket som her realiserast er det som det vil vere mogleg å få aksept for.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	I noko grad vil prosjektet kunne føre til redusert reisetid for mjuke trafikantar, som vil få ein meir framkommeleg passasje ved haldeplassen på Nonneseter. Det etablerast nye gangakser, trapper og rampe. Strekningen er i dag ein flaskehals i sykkelnettet. Dette vil betrast noko ved at det blir meir tilgjengeleg areal for alle. Ved økt tilrettelegging for syklende i Bergensdalensom følge av kommende prosjekt, vil dette snittet fremstå som en stadig større flaskehals det vil være viktig å få gjort noe med.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Prosjektet har store fordeler for miljøvennleg transport som heilskap. Området er svært trangt i dag, og gir redusert framkomst for alle dei miljøvennlege transportformene. Å utvide fortausareal og opparbeide med dekke som er egna for sykling på gåande sine premisser vurderast som den beste løysinga totalt sett for fotgjengarar, syklistar og kollektivreisande. Dette kan betre ei kopling frå sykkeltilbodet ved Lungegårdskaien til målpunkt i denne delen av sentrum, samtidig som ein sikrar større areal til gåande og kollektivreisande på haldeplassen og til/frå holdeplassen.
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Området blir opna opp og bidreg til betre tilrettelegging for gåande og syklende, og vil gi betre heilskap mellom Nonneseter, jernbanestasjonen og busstasjonen.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Det vert meir plass for mjuke trafikantar når Sølvvaren og leilighetsbygg er reve, og leskur er flytta lengre sørover. Det vert fleire aksar til å fordele gangmønster. Området vert opna opp og tilrettelagt for mjuke trafikantar. Det blir betre plass og sikt ved haldeplass. Det er gjennomført RAMS som del av tiltaket. Det vert lagt varmekablar som sikrer at tilgjengeleg areal vert oppretthaldt om vinteren.

Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?

Færre personbilreiser på andre måtar?

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Haldeplassen blir enda meir sentral når det vert sett drift på Bybanen BT5. Nonneseter vert mest sannsynlig den eineste haldeplassen som tjener alle linjene, slik den gjør med linje 1 til Flesland og linje 2 til Fyllingsdalen i dag.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)	Antatt totalkostnad
Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)	67500

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Fylkeskommunale midlar	10 000	31 000	24 300	2 000		
MVA							

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Erfaringstall, ma. antikvariske myndigheiter. Det er satt av noe til usikkerhet. Kommunen har bidrege til prosjektet gjennom kjøp og avvikling av Kaigaten-selskapene . Opparbeiding av arealet etter riving, utover det som er avsett som en del av Miljøløftet, bæres av Bergen kommune. Tall for 2025 er basert på siste oppdaterte prognose, tall for 2026 tilsvarer løyving over fylkesbudsjettet. Periodisering over årene justeres i takt med fremdrift. Kostnadsbelastning er estimert å komme tidlegere enn det som her ligg inne.(Fortidsminneforeningen finansierer opprusting av klosterruinene, og tiltak på disse. Dette er kostnader som ikkje inngår i tiltaket).

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdyping

Tiltaket realiserast etter gjeldande plan. Reguleringsplan frå 2003. Sølvsfabrikken er regulert reve, og området regulert til torg. Det er føringar for kulturminne og sikringssone rundt kulturminna. Reguleringsplanen forutsetter å vise middelalderens klosteranlegg, og å skape et stemningsfullt, kontemplativt byrom som en verdig ramme rundt de viktige kulturminnene fra middelalderen.

Status grunnerverv

Arbeid pågår

Status grunnerverv utdyping

Avklarast mellom eigarar som resultat av godkjend løysing. Det er avklart at dokumentasjon på at eiendomsgrensen er klarlagt ved oppmålingsforretning foretas i forbindelse med ferdigattest.

Forberedande arbeid

Detaljprosjektering ferdig

Forberedende arbeid utdjuping

Det er gitt rammetillatelse til: • Riving av Sølvvarefabrikken og nabobygg, samt murer og trapper. • Etablering av nytt byrom m/oppgradering av landskapsarealer ved Nonneseterbybanestopp. Riksantikvaren har fatta vedtak om dispensasjon fra kulturminneloven § 8 for inngrep i fredet bygrunn, jf. pbl § 21-5 Miljøteknisk grunnundersøkelse og tiltaksplan for forurenset grunn er utarbeidet VA-rammeplan er godkjent. Kommunen har gitt IG for riving av sølvvarefabrikken og tilknyttet treskur og servicebygning, jf. plan- og bygningsloven § 21-4.

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdjuping

Forberedende arbeider, involvering av vernemyndigheter/sentrale aktører 2024/2025. Søknader, prosjektering i 2025. Tentativ fremdrift: Rivingsarbeider starter vil pågå frå vinter/vår 2026 -tidleg haust 2026 Oppbygging nytt byrom august 2026 -vinter 2027. Framleis ei viss risiko knytt til prosjektet, men dette vert vurdert handterbart.



Årstad, Storetveitvegen (Storetveit skole-Paradis), sykkelanlegg

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Nei
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sør
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

Målet med prosjektet er å forbetre tilbodet til mjuke trafikantar, slik at flest mogleg kan velje å gå og sykle. Strekninga har i dag mangelfullt tilbod. Strekninga ligg i utbyggings fase 2 i sykkelstrategi for Bergen. Prosjektet omfattar bygging av til saman 1km sykkelveg med fortau. Løysinga vil bli vurdert i det vidare arbeidet med reguleringsplanen. Prosjektet er komplekst.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Gåande og syklende vil få eit meir samanhengande tilbod slik at det blir mindre behov for kryssing av veg. Dette gjer anlegget meir effektivt for mjuke trafikantar.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Same grunn som over.
Betre heilskap/samheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Same grunn som over.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Betre og ryddigare situasjon for mjuke trafikantar. Mogleg redusert fart på harde trafikantar.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	
Færre personbilreiser på andre måtar?		

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket er forankra i sykkelstrategien utbyggingsfase 2.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Kostnadsvurdering utdyping

Tiltaket ligg nokre år fram i tid. Det er ikkje realistisk med realisering i komande periode og det er ved denne rulleringa ikkje grunnlag for å oppgi kostnader, mellom anna pga uavklart standard.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Ja

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdyping

Planforslag vart oversendt kommunen frå statens vegvesen i 2019 og var på høyring i 2021. Handsaming av merknader i 2022 avdekka trong for justering av planforslag. Fylkeskommunen tok initiativ i 2023 for å dele pågåande reguleringsplan i to deler, for å kunne få ein betre framdrift på den delen som omfattar strekningen frå Hagerupsvei - til Storetveit skole/ Fantoft. Fylkeskommunen tok dette grepet, da dagens planforslag på strekninga mellom Storetveit Skole – Paradis har mellom anna store utfordringar knytt til planen sin verking på kulturmiljø. Det er uvisst når det kan ligge føre eit vedtak på reguleringsplan på strekninga.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdyping

ikkje relevant pt.

Forberedande arbeid

Ikke aktuelt

Forberedende arbeid utdjuping

Ikkje relevant pt.

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdjuping

Det er uvist når det kan ligge føre eit vedtak på reguleringsplan på denne strekninga. Prosjektering og grunnnerverv kan starte når det ligg føre vedteken plan om tiltaket vert prioritert med midlar til realisering.

Johan Berentsens vei - etablering av fortau

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Trafikktryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sentrum
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Bergen kommune
Veigar:	Bergen kommune
Driftsansvarleg:	Bergen kommune



Prosjektomtale og føremål

Prosjektet innebærer opparbeidelse av fortau langs Johan Berentsens veg i Laksevåg bydel. Fortauet vil strekkes seg fra Nygårdsvikvegen i vest og til Knut Johnsen's vei i øst. Samlet lengde på ca 400 meter. Prosjektet vil bedre trafikksikkerheten for gående og syklende, samt å øke fremkommeligheten på strekningen. Johan Berentsens vei er skolevei og tilkomstvei til idrettsanlegg på Nygårdsmynen. Ønske om å etablere fortau langs Johan Berentsens vei erforankret i Handlingsplan for trafikksikkerhet 2014 – 2017, vedtatt av Bergen bystyre 17.09.2014 i sak 203-14. Strekningen er ferdig regulert og grunnvervet er gjennomført. Prosjektet er ett samarbeidsprosjekt med Bergen vann og kabelaktører i området.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Prosjektets hovedmål er å gjøre området trafikksikkert for myke trafikanter ved å etablere fortau. Pr i dag må myke trafikanter benytte vegbanen.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Fortau vil etableres med en bredde på 2,5 meter.
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Tiltaket gir myke trafikanter ett trafikksikkert alternativ.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Trafikksikkerhet er hovedformålet med prosjektet.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Fortauet vil gi myke trafikanter ett reelt tilbud. Det er tett bebyggelse i område og gange avstandene er overkommelige.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Det vil være tryggere å gå til ulike målpunkt for eksempel skolen. Trolig vil flere foreldre da slippe å bruke bil for å kjøre barn på skolen.

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)

Styringsramme

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 71400

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Reguleringsplan	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet	3 592					
Prosjektering	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet	5 434					
Bygging	Statlege post 30-midlar		18 100	18 737	9 418		
MVA	Anna finansiering utanfor Miljøløftet	2 090	4 525	4 684	2 354		

Kostnadsvurdering

Byggherreoverslag

Kostnadsvurdering utdyping

Det ble i august 2025 gjennomført en ekstern usikkerhetsanalyse på ferdig utarbeidet byggeplan. Dette er gjort for å kvalitetssikre tidligere byggherreoverslag. Kostnader til regulering, grunnnerv og prosjektering har til nå påløpt til ca 14,5 mill kr inkl mva. Dette er dekket av kommunale midler. Ytterligere utgifter til prosjektering, byggherrekostnader og entrepris er kostnadsvurdert til 56,0 mill kr.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Prosjektet gjennomføres i samarbeid med Bergen vann sine arbeider i området samt øvrige kabel- og fibereiere.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdyping

Tiltaket er regulert i plan med id 4601-65080000. Navn: LAK-SEVÅG. GNR 149 BNR 1135 MFL., JOHAN BERENTSENS VEI

Status grunnnerv

Avklart

Status grunnnerv utdyping

Grunnnervet ble avsluttet i oktober 2023 og eiendommene er tiltrådd.

Forberedande arbeid

Detaljprosjektering ferdig

Forberedende arbeid utdyping

Tekniske planer er godkjent. Utlysning av entreprise planlegges gjennomført Q1 2026.


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	
		1. kvartal 2016	1. kvartal 2019	1. kvartal 2021	4. kvartal 2025	3. kvartal 2026	2. kvartal 2028	

Gjennomføringsplan utdyping

Det er gjennomført detaljerte grunnundersøkelser og eksternt kostnadsanslag i 2025. Prosjekterings materiale er godkjent av egen veiforvaltning. Rammetillatelse ble levert inn medio oktober 2025 og vil være på plass medio februar 2026. Gjennomførings vedtak er under utarbeidelse.

KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Nei
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikk-tryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe nordaust
Kommune:	Bergen kommune
Byggherre/ansvarleg:	Bergen kommune
Vegeigar:	Bergen kommune
Driftsansvarleg:	Bergen kommune

Prosjektomtale og føremål

Midlertidig GS-bro over Storelva i Indre Arna ble fjernet i 2023. Broen har fungert som snarvei for gående og syklende under utbygging av Bergenesbanen i Indre Arna v/ Banenor. Kvaliteten på broen var ikke god nok til at broen kunne overtas til drift og vedlikehold av Bergen kommune. Dagens kjørebros er også av svært dårlig forfatning, og må trolig skiftes ut innen kort tid. Innbyggere har varslet at det nå er en utrygg skoleveg, hvor skolebarn må dele et smalt snitt med kjørende. Eksisterende bro har bredde tilsvarende ett kjørefelt, og her må alle trafikantgruppene dele plassen. Strekningen inngår i off. utbyggingsfase 1 i Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030. Prosjektet inkluderer å erstatte dagens kjørebros emd ett kjørefelt til en ny bro på eksisterende posisjon. Broens tverrsitt vil da være ett kjørefelt og en gang- og sykkelveg. Med årsak i mindre justeringer på eksisterende posisjon forventes dette å kunne etableres ved byggesak med dispensasjon.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Det er ikke tilrettelagt for gående og syklende i dag. Alternativet til kryssing over ny bro er 9 minutters omvei rundt Reiane v/ Arna stasjon. Denne veien er verken tilrettelagt for gående eller syklende, og medfører passering over større parkeringsplass.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	I dag må kjørebros med ett kjørefelt dels mellom gående, syklende og kjørende. Det er ikke plass til å etablere avgrenset areal for gående og syklende på eksisterende bro. Dersom broen ikke erstattes når levetiden er slutt, vil dette medføre omkjøring for gående, syklende og kjørende.

Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Ved rundkjøring på vest-siden av Storelva er det i dag etablert GS-veg. Etablering av bro kombinert med GS-veg i Lakslia vil gi sammenhengende nett for gående og syklende øst og vest for Storelva.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Gående og syklende får separat, fysisk adskilt felt til å ferdes på over elven. I dag må en enten krysse kjørebros (ett felt) eller parkeringsplass for å passere øst/vest for Storelva.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Utrygg skolevei kan resultere i at flere foreldre velger å kjøre barna til skolen. Ved å kombinere bro over Lakslia med omklassifisering av kommunal veg Lakslia vil det bli en betydelig fordel å gå og sykle fremfor personbilreiser. Tilbakemelding fra beboere tilsier at barn blir kjørt fremfor å gå fordi broens utforming i dag er utrygg.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	

Samfunnsøkonomisk nytte

Flere som velger å gå og sykle kan gi bedre helseeffekt. I tillegg er det særlig ønsket at skolebarn skal velge å gå og sykle fremfor å bli kjørt til skolen.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Områdeplan Indre Arna er avsluttet. Gjeldende reguleringsplan er trolig tilstrekkelig for etablering av ny bro.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad
Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 30000

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Statlege post 30-midlar			10 000	20 000		
MVA	Anna finansiering utanfor Miljøløftet			2 500	5 000		

Kostnadsvurdering Annet

Kostnadsvurdering utdyping Det antas en byggekostnad på 30 mill eks. MVA på nåværende tidspunkt. Det forventes å lys ut til totalentreprise.

Er prosjekt vurdert av byggherre? Nei

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Ja

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

2027

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdyping

Arbeid med reguleringsplan pågår. Håp om vedtak på plan i 2027.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdyping

Forberedende arbeid

Ikkje aktuelt

Forberedende arbeid utdjuping

Estimert grunnboringer inkl. supplerende undersøkelser før jul 2025

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping


Håp om vedtak på reguleringsplan i 2027. Oppstart prosjektering når vedtak på reguleringsplan ligg føre. Truleg tidlegast oppstart i 2029.



KV 1257/E39 Kollektiv Storestraumen

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Nei
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Ja
Satsingsområde:	Kollektivtransport
Tiltaksområde:	
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sør
Kommune:	Bjørnafjorden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Bjørnafjorden kommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål

Oppgradere kryss til E39 slik at buss kan køyre gjennom Storestraumen. Det er lagt til rette for kollektiv på KV 1259 med busslommer i dag. Kan vere at det må leggest til rette for universell utforming og busskur.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Det vil bli kortare avstand for bebuarar som i dag har opp til 1 km å gå til haldeplass på E39 i dag.
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Bussen blir lagt om dit folk bur.
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	
Betre trafikktryggleik?	Ja	Omtrent som før
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Vil redusere reisetida for kollektivreisande som får kortare veg til busshaldeplass.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	

Samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Det var eit krav i reguleringsplanen for Storestraumen at det skulle leggest til rette for buss. Dette er gjort. Det som manglar er ei løying for kryss til E39 som gjer det mogeleg for bussar å køyre denne ruta.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)

Antatt totalcostnad

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Kostnadsvurdering utdyping

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Nei

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Storestraumen har vært eit stort utbyggingsområde som no er nesten ferdig. Det er ingen som bur langs E39 forbi dette området. Dei som bur i Storestraumen må gå opptil 1 km til kollektivhaldeplassar på E39. Det er ein del stigning. Det blei planlagt for busshaldeplassar i reguleringsplan for Storestraumen. Dette er bygd. Det som manglar er ei kryssløysing mot E39 i nord som gjer det mogeleg for bussar å køyre opp.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Nei

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdyping

Vil vurdere å bruke belønningmidlar til å starte reguleringsplan i 2026.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdyping

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdyping

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	


Gjennomføringsplan utdyping

Ikkje planlagt



Snarvegar Osøyro

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026-2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sør
Kommune:	Bjørnafjorden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Bjørnafjorden kommune



Prosjektomtale og føremål:

Kommunen har planlagt fleire gang- og snarvegar som vil gjere det enklare, tryggare og meir attraktivt å gå til kollektivknutepunkt, barne- og ungdomsskule, butikkar og tenester i regionsenteret Osøyro. Mange er planlagt i nyleg vedtatt områdeplan for Osøyro. Det er også mange trapper og barnetråkk som kan oppgraderast slik at fleire vil nytte dei. Kommunen skal og i gang med gatebruksplan for Osøyro i 2025. Her vil vi særskilt sjå på korleis vi kan kople på snarvegane inn mot gatene.

Kva delprosjekt inngår i prosjektet:

Det er fleire mindre prosjekt.



Måloppnåing

Korleis bidrar potten til effektiv arealbruk og auka konkurransekraft for kollektiv, sykkel og gange

Potten kan bidra til etablering av tryggare løysingar langs veg og snarvegar til regionsenteret, kollektivhaldeplassar og skuleområdet. Dette vil kunne gi noko raskare reisetid for gåande/syklende og gjere regionsenteret meir attraktivt for gåande og syklende og folk med nedsett funksjonsevne.

Samfunnsøkonomisk nytte

Det er mindre tiltak som kan få høg nytte i tett befolka område.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Fleire snarvegar er regulert i områdeplan for Osøyro. Det er fleire reguleringsplanar som skal settast i gang no når områdeplanen blei vedtatt.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Fleire snarvegar vil rette seg mot kollektivterminalen på Osøyro.



Finansiering

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Stat post 30(66) Programområdemiddel kommunal- og fylkesveg	-	10 000	-	-	-	-
MVA							

Kostnadsvurdering utdyping

Det er ein pott kor ein kan bygge for det ein har. Det er også mogeleg å samordne med andre tiltak som skal gjennomførast i regionsenteret dei kommande åra, som vann- og avløp og flaumsikring.

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Bør sjåast i samanheng med gang- og sykkelveg mellom Finnebrekka og Oselva bru og ny kollektivterminal som er under planlegging.



Plan og gjennomføring


Status for plan og gjennomføring

Det skal bli laga ein liste med mindre tiltak, der ein kan plukke dei mest modne prosjekta, som er regulert i fyrste omgang. Vi vil nytte belønningmidlar til grøn mobilitetsstrategi til prosjektering og grunnnerv.



Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026-2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Kollektivtransport
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sør
Kommune:	Bjørnafjorden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Statens vegvesen



Prosjektomtale og føremål:

Tiltaket har som formål å bidra til nullvekstmålet ved å gjere det meir attraktivt å reise kollektivt som resultat av å tilby trygge og meir tilgjengelege holdeplassar. Det er etter opning av ny E39 med bompengeneinnkrevjing i 2022 erfart stort auka etterspurnad etter kollektivreiser langs E39, og det bør vere potensiale for ytterlegare auke. Dette aukar viktigheita av at holdeplassane blir utforma trygge både for kollektivtrafikanter og rutebuss. Haldeplassane vil framleis liggje på riksveggrunn slik at det ikkje blir behov for grunnerv. Det blir lagt til grunn at det ikkje er behov for reguleringsplan.

Kva delprosjekt inngår i prosjektet:

Det blir lagt opp til utbetring av holdeplassane Trolldalen og Haugland i retning sør, der behovet for opprusting er størst. Spesielt Haugland opplevast trafikkfarleg i dag på grunn av vesentlege manglar. Tiltaket kan inkludere etablering av lehus og opprusting av gangadkomster (f.eks asfaltering/oppsetjing av rekkverk) ved andre holdeplassar dersom det er rom innanfor rammene for prosjektet.



Måloppnåing

Korleis bidrar potten til effektiv arealbruk og auka konkurransekraft for kollektiv, sykkel og gange

Det blir lagt opp til utbetring av holdeplassane Trolldalen og Haugland i retning sør, der behovet for opprusting er størst. Haugland opplevast som direkte trafikkfarleg i dag på grunn av vesentlege manglar. Tiltaket kan inkludere etablering av lehus og opprusting av gangadkomster (f.eks asfaltering/oppsetjing av rekkverk) ved andre holdeplassar der det er mogleg innanfor rammene for prosjektet. Tiltaket har som formål å bidra til nullvekstmålet for privatbiltrafikk ved å gjere det meir attraktivt å reise kollektivt gjennom å tilby trygge og meir tilgjengelege holdeplassar. Opning av ny E39 med bomsnitt har gitt potensiale for stort auka etterspurnad etter kollektivreiser. Dette aukar viktigheita av at holdeplassane blir utforma tryggare både for kollektivtrafikanter og rutebussar.

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket vil gi enklare og tryggare kollektivreiser for bebuarar og besøkjande i områda som blir betente av dei aktuelle holdeplassane. Når reisande vel kollektiv i staden for bil får vi også samfunnsøkonomisk nytte som følgje av redusert støy, CO₂-utslepp og ev. kø. Tilrettelegging for eit meir attraktivt kollektivtilbod bidreg til å gjere kollektiv meir konkurransedyktig i forhold til bil og vil bidra til redusert støy, luftforureining, CO₂-utslepp og kø.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Samsvarer med måla i NTP og Miljøløftet, Prosjektet underbyggjer nullvisjonen når det gjeld trafikkulykker, og bidreg også til å gjere reisekjeda universelt utforma slik NTP gir føring om. KDPA for Bjørnafjorden vest legg opp til fortetting innan gangavstand frå haldeplassane og vil underbyggje potensiale for kollektivreisande.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Haldeplass Trolldalen kan sjåast i samanheng med kommande tiltak i Lepsøyvegen der m.a. nytt trygt gangtilbod kan bidra til ytterlegare passasjergrunnlag for busslinje med høg frekvens langs E39.

Finansiering

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Stat post 30 Programområdemiddel riksveg	-	-	600	1 250	-	-
MVA							

Kostnadsvurdering utdyping

Grovt estimat, bygger tiltakene som er mulig innenfor rammen. Tall uten mva. Avrunda og oppdatert til 2026-kr.

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Haldeplass Trolldalen kan sjåast i samanheng med kommande tiltak i Lepsøyvegen der m.a. nytt trygt gangtilbod kan bidra til ytterlegare passasjergrunnlag for busslinje med høg frekvens langs E39.

Plan og gjennomføring


Status for plan og gjennomføring

Haldeplassane ligg på riksveggrunn. Det er ikkje blir behov for grunnverv. Det blir lagt til grunn at det ikkje er behov for reguleringsplan.



Strategi for grøn mobilitet Bjørnafjorden kommune

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026-2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Trafikktryggleik; Kollektiv; Areal og knutepunktsutvikling; Analyse
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe sør
Kommune:	Bjørnafjorden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Bjørnafjorden kommune



Prosjektomtale og føremål:

Prosjektet er oppfølging av strategi for grøn mobilitet for Bjørnafjorden kommune, som skal til politisk behandling våren 2025. Prosjektet er ein pott som kan gå til oppfølging av grøn mobilitetsstrategi når den er vedtatt, og til dømes til kartlegging, planlegging, prosjektering av større og mindre grønne mobilitetstiltak i Bjørnafjorden kommune. Midlane kan også gå til mindre utbyggingar. Til dømes fortau kombinert med andre utbetringar i kommunal regi (vegar eller vatn- og avløp). Kommunen har kapasitetsutfordringar og vil nytte noko belønningmidlar til kartleggingar og utgreiingar med sikte på å spele inn prosjektark til post 30 dei neste åra. Dette kan spesielt vere til snarvegar i regionsenteret og til kollektivhaldeplassar og trygg sykkelparkering. Det er også behov for å utvikle eigen kompetanse for grøn mobilitet og betre arealbruk og delta på kurs og nasjonale nettverk for sykkel, gange og kollektiv.

Kva delprosjekt inngår i prosjektet:

I 2025 blei det nytta ein del midlar til reguleringsplan for innfartsparkering og kollektivterminal i Osøyro. Det vil gå ein del midlar til dette i 2026 også.



Måloppnåing

Korleis bidrar potten til effektiv arealbruk og auka konkurransekraft for kollektiv, sykkel og gange

Samfunnsøkonomisk nytte

Høy samfunnsøkonomisk lønnsomhet. Gange er øverst i transportpyramiden.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Stat post 66 Belønningsmiddel til kommune	1 000	3 000	1 000	1 000	1 000	-
MVA							

Kostnadsvurdering utdyping

Strategi for grøn mobilitet inneheld mange satsings- og tiltaksområde som førebels ikkje er kostnadsberekna. Potten vil gi kommunen moglegheit til å gjennomføre mindre tiltak i tråd med Grøn mobilitetsstrategi.

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Potten kan nyttast til å planlegge og prosjektere større prosjekt.



Plan og gjennomføring

Status for plan og gjennomføring

Det er ein mindre pott som kan nyttast til mindre prosjekt som ikkje treng reguleringsplan.



Sykelstrategi Bjørnafjorden kommune

Var prosjektet ein del
av handlingsprogram
2026-2029?

Ja

Første gong prosjektet
vert spelt inn?

Nei


Satsingsområde: Gange og sykkelveg

Tiltaksområde: Sykkel; Trafikktryggleik;
Kollektiv; Innfartspar-
kering; Areal og knute-
punktsutvikling; Analyse

Arbeidsgruppe: Arbeidsgruppe sør

Kommune: Bjørnafjorden kommune

Byggherre/ansvarleg: Bjørnafjorden kommune



Prosjektomtale og føremål:

Prosjektet er oppfølging av sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommune. Prosjektet er eit overordna prosjekt som skal ivareta utvikling av gang- og sykkelveggar i Bjørnafjorden kommune. Allereie innmeldte delstrekningar ligg som delprosjekt under sykkelstrategien. Visjonen for sykkelstrategien for Bjørnafjorden kommune er: Det er attraktivt og trygt å sykle i Bjørnafjorden kommune. Det overordna målet for sykkelstrategien er: Fleire skal velje sykkel for kortare reiser.

Kva delprosjekt inngår i prosjektet:



Måloppnåing

Korleis bidrar potten til effektiv arealbruk og auka konkurransekraft for kollektiv, sykkel og gange

Samfunnsøkonomisk nytte

Høy samfunnsøkonomisk lønnsomhet. Sykkel er høyt oppe i transportpyramiden.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging	Stat post 66 Belønningsmiddel til kommune	-	500	1 000	1 000	1 000	-
MVA							

Kostnadsvurdering utdyping

Sykkelsatsinga inneheld mange satsings- og tiltaksområde som førebels ikkje er kostnadsberekna. Prosjektet ”Sykkelstrategi” er ei porteføljesatsing som gir kommunen føreseielegheit knytt til mindre tiltak for å betre tilhøva for sykkel i kommunen. Inn i dette overordna prosjektarket legg kommunen tildelte midlar for 2021 og 2022 på følgjande delprosjekt: E39 Søfteland sentrum - forstudie: GS-løysingar (150 000), GS-løysing Lidarosgarden- Lyseparken.


Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Status for plan og gjennomføring


Øygarden kommune



Skogsskiftet sentrumsområde

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål

Etablering av samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesveg og utbetring av kryss ved kommunedelsenteret ved Skogsskiftet. Prosjektet legg opp til å etablere gs-veg i dagens veg og sideforskyve køyrevegen vestover. Prosjektet inneheld også ombygging av 3 T-kryss til rundkøyringar. Total strekning er om lag 1400-1500 m inkludert påkoplingar i kryss. Formålet med tiltaket er å styrke kommunedelsenteret ved å leggje betre til rette for mjuke trafikantar og opne for fortetting av bustader og sentrumsfunksjonar.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Nei	
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Tiltaket gir samanhengande tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen og frå bustadområda ved Kallestad til sentrum. Prosjektet vil og betre tilkomsten for mjuke trafikantar frå planlagte bustadfelt til kollektivterminal og skule/idrettsområde.
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Etablerer sammenhengende g/s-veg gjennom sentrum. Betre koblingar for mjuke trafikantar til kollektivterminal.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Oppstramming av kryss fra fylkesvegen, etablerer tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen, oppstramming av kryss på kommunalt vegnett. Rundkøyring bidrar til redusert hastighet nær sentrum.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Tiltaket opnar for fortetting med bustader tett på kommunedelsenteret med kollektivtilbud, handels- og tjenestefunksjonar og idretts- og kulturtilbod.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	Nei.

Samfunnsøkonomisk nytte

Nærleik til knutepunkt og områder sett av til bustadføre mål i KPA. Tiltaket vil gje grunnlag for å transformere eit kommunedelsenter, betre trafikksikkerhet, tilrettelegging for møteplasser og trivsel/estetikk.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Samfunnsplan, regional plan for attraktive sentre, Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Sammensatt prosjekt som har i seg elementer fra fleire innsatsområder, g/s, kollektiv, effektiv arealbruk, trafikksikkerhet.

Finansiering

Totalkostnad (type)

Vedtatt/akseptert ramme

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 175700

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midlar	7 320					
Bygging	Statlege post 30-midlar		25 000	29 000	48 600	34 100	1 620
MVA	Fylkeskommunale midlar		4 750	5 530	11 400	8 000	380

Kostnadsvurdering

Konsulentrapport

Kostnadsvurdering utdyping

Kommunen har i samband med utarbeiding av detaljregulering for Skogskiftet fått utarbeidd ei kostnadsvurdering for den kommunale delen av prosjektet. Konsulentrapporten viser ein samla kostnad på omlag 70 mill. (2022-kr.) eks MVA, der tiltak for vatn/avløp er tatt ut. Overslaget er eit P85. For fylkesvegen og g/s løysingar langs denne, er det gjort ei meir enkel kostnadsvurdering frå konsulent, der kostnadsbildet er omlag 70 mill. eks MVA. Samla kostnad er vurdert til 140 mill. eks. MVA. Det har vore innleiande samtalar med private utviklarar av prosjekt området, og intensjonen er å hente inn ekstern finansiering for deler av totalsummen gjennom utbyggingsavtalar. Dei tiltaka kommunen ber om finansiering av gjennom Miljøloftet er dei tiltaka med høgast mål oppnåing dvs kommunal veg gang/sykkelveg og kollektiv og g/s langs fylkesvegen. Fylkeskommunen gjennomførte eit byggherre-anslag i mai 2023. Dette anga fylkesvegprosjektet å ha ein antatt totalkostnad på 160 mill i 2023-kr. Øygarden kommune arbeider med å avklare privat medfinansiering til prosjektet - eventuelt omfang av dette må vurderast ved neste rullering av handlingsprogrammet. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samheng med andre prosjekt/tiltak?



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping Tiltaket er planavklart

Status grunnerverv Avklart

Status grunnerverv utdjuping

Forberedande arbeid Detaljprosjektering ferdig

Forberedande arbeid utdjuping Grunnundersøkingar er utført

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping


Tiltaket er planavklart. Oppstart prosjektering årsskiftet 2023/24, grunnboringar i 2024, Tentativt: Utlysing 1 kvartal 2026, ved endeleg lyving over statsbudsjettet. Kontraktssignering tidleg haust 2026. Sluttoppgjer estimert i 2029/2030.



Bildøyvegen/Straumsundet bru

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Øygarden kommune
Vegeigar:	Øygarden Kommune
Driftsansvarleg:	Øygarden Kommune



Prosjektomtale og føremål

Bildøyvegen er ein kommunal veg og dette prosjektet strekkjer seg frå kryss mot Bildøy bru til og med Straumsundet bru, samla ei strekning på omlag 1,4 km. Vegen ligg tett på Straume sentrum og er den naturlege vegen til/frå sentrum for dei som bur på Bildøy. Barn som bur på Bildøy går i dag på Kolltveit barneskule, medan ungdomsskulen ligg sentralt midt på Bildøy. Grunna manglande tilbod for gåande/syklende har skuleborn frå 1-7 klasse som bur på søre Bildøy oggår på Kolltveit barneskule, tilbod om gratis skuleskyss til skulen i vintersesongen. Bildøyvegen har ikkje fortau eller gang/sykkelveg, men har ein litt breiare profil i aust samanlikna med i vest. Vegen er regulert i 2018, med to kjøyrebaner og gang/sykkelveg. I 2019 vart det starta på detaljprosjektering på både regulert løysing og ei nedskalert løysing med fortau og redusert bredde på kjøreveg med omlag 1 meter. Når Sotrasambandet står ferdig vil Bildøy ha nye tilbod til gåande og syklende. Desse løysingane er ikkje knytta saman til Bildøyvegen og gåande syklende som vil nytte denne vil framleis ikkje ha eit fullverdig tilbod. Øygarden kommune planleggjer å erstatta dagens Fjell ungdomsskule med ein ny skule sentralt på Bildøy. Ny skule skal vera klar første kvartal 2028. I denne samanhengen vil ein sjå på moglege snarvegar frå Bildøyvegen inn mot skuleområdet. Inspeksjonsrapportar viser at Gamle Straumsundet bru må oppgraderast som ein del av prosjektet. Brua har tredekke og ikkje separat tilbod for mjuke trafikantar.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Etablering av tryggare løysingar langs veg og snarvegar inn til skuleområdet vil kunne gje noko raskare reisetid for gåande/syklende
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Snarvegar inn til skuleområdet vil gje betre framkome frå sør og vest.

Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Prosjektet vil samla gje betre løysingar for området
Betre trafikktryggleik?	Ja	Ved å skilje biltrafikk frå mjuke trafikantar
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Sjå over
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	

Samfunnsøkonomisk nytte

Det er ikkje gjort noko kost/nytteanalyse på samfunnsøkonomisk nytte. Området ligg tett på regionsenter og skulesenter på Bildøy. På Bildøy bur det totalt 655 personar, 136 av desse er mellom 0 - 17 år.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet er i samsvar med overordna mål i samfunnsplanen til kommunen om å leggje tilrette for at fleire kan gå, sykle og reise kollektiv. Samordna transport og bustadplanlegging.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Finansiering

Totalkostnad (type) Antatt totalkostnad
Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 279 184

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Anna	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet	1 500					
Bygging	Statlege post 30-midlar		16 400	27 039	91 934	75 710	10 764
MVA	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet	375	4 100	6 760	22 983	18 928	2 691

Kostnadsvurdering

Konsulentrapport

Kostnadsvurdering utdyping

Prosjektet for Bildøyvegen blei detaljprosjekttert og kostnadsvurdert i 2019. Med bakgrunn i konseptval har byggherre i 2025 gjennomført ei ny og oppdatert kostnadsvurdering og økonomibehov er justert i samsvar med ny vurdering. Det er overført omlag 16 mill frå prosjekt Straume sjøfront - Varden.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt Straume sjøfront - Varden, der det på sikt skal lagast ein samanhengande almenning gjennom Straume sentrum.

Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping	Strekninga er ferdig regulert med plan frå 2018.
Status grunnerverv	Ikke avklart
Status grunnerverv utdjuping	Det er ikkje starta arbeid med grunnerverv i påvente av finansiering av tiltaket. Løyving for 2026 er tiltenkt grunnerverv.
Forberedande arbeid	
Forberedande arbeid utdjuping	

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	
1. kvartal 2025	4. kvartal 2025			1. kvartal 2026	4. kvartal 2026	2. kvartal 2027	2. kvartal 2030	

Gjennomføringsplan utdjuping

Vurdering av strekninga i lys av gjennomført trafikkanalyse i 2025. Gjennomgang av tidlegare prosjektering og grunnerverv i 2026. Gjennomføringsfase i etter at nytt Sotrasamband er opna i 2027.

Akse Straume sjøfront til Varden

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Øygarden kommune
Vegeigar:	Øygarden Kommune
Driftsansvarleg:	Øygarden Kommune



Prosjektomtale og føremål

Det skal etablerast ei kopling for mjuke trafikantar mellom Straume sentrum og utdanningsmiljøet på Bildøy, sjå lenke i kart. Tiltaket vil bli delt inn i fleire deltiltak som til dømes:

Blå - Etablere/oppgradere snarvegar frå Bildøybakken til skuleområdet på Bildøy. Kartlegging av opptrakka snarvegar og moglege nye koplingar skal bli utført gjennom idfasen i nyoppstarta planarbeid for Bildøyna.

Raud - Trase for mjuke trafikantar mellom skuleområdet og områdeplan for Brannalsåsen. (SE3 i KDP for Bildøyna) vert opparbeida i Sotrasamband prosjektet.

Rosa - Opparbeide snarveg gjennom områderegulering for Brannalsåsen og gang - sykkelbru over Straumsundet. Løysing vert regulert i pågåande områderegulering for Brannalsåsen med rekkefølgekrav til opparbeiding.

Mørk grøn - Fortau ferdig opparbeida i samsvar med reguleringsplan

Lys blå/turkis - Opparbeiding av snarveg gjennom reguleringsplan for Bakkane. Tiltaket er under opparbeiding

Lilla - Fortau i Gjertrudvegen er opparbeida mellom reguleringsplan for Bakkane og reguleringsplan for Straume senterområde, KDPLS3A.

Gul - Trase/snarveg regulert i plan for Straume senterområde, KDPL S3A

Lys grøn - Ferdig opparbeidd kopling gjennom Straume sentrum, frå KDPL område S#A i vest til Grønapplassen i aust.

Gråblå - Snarveg/trapper frå gatetun i reguleringsplan for Grønmyrsvegen til parken Varden. Tiltaket er planavklart og delvis påbegynt

Kvit - Snarveg gjennom kommunal park - Varden. Tiltaket er planavklart

Svart - Kopling gjennom ubyggd område frå Varden i vest til gangbru over FV 5240 Storskaret i aust. Ligg føre eldre reguleringsplan, tiltaket er ikkje planavklart.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Tiltaket vil bidra til å redusere avstandar mellom ulike målpunkt og auke framkome for mjuke trafikantar
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Tiltaket vil bidra til å knyte sentrum av regionsenteret betra saman med utdanningsmiljøet og øvrige bustadområder
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Straumsallmenningen er eit overordna plangrep for å knyte saman austre deler av Straume/Straume sentrum med Straume vest/Bildøy. Dette gjer eit betre og gjenkjenneleg nettverk i ein aust/vestleg akse gjennom regionsenteret.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Tiltaka vil gje mjuke trafikantar høve til eit delvis bilfritt gangalternativ/snarveg gjennom Straume.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Tiltaket vil gjere det meir attraktivt å gå og sykle, og slik redusere behovet for å nytte bil til daglege gjeremål.
Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Tiltaket vil gjere det meir attraktivt å gå og sykle, og slik redusere behovet for å nytte bil til daglege gjeremål. Tiltaket vil medverke til eit meir kompakt sentrum.

Samfunnsøkonomisk nytte

Tiltaket tilrettelegg for betre trafikktryggleik og framkome for mjuke trafikantar, og vil kunne medverke til å overføre reiser frå personbil til desse transportformene. Tiltaka vert vurdert til å ha god måloppnåing med tanke på samfunnsøkonomisk nytte.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Tiltaket er forankra i Kommunedelplan for Straume samfunnsdelen til Kommuneplanen 2022 - 2034

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde



Finansiering

Totalkostnad (type)

Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 14814

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Anna	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet		1 000				
Bygging	Statlege post 30-midlar			5 450	5 400		
MVA	Kommunale midlar utanfor Miljøløftet		250	1 363	1 350		

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Det er gjort ei enkelt vurdering av kostnader knytt til deler av tiltaka, knytt til områda mellom Straume sentrum og sjøfronten. Prosjektet må utviklast vidare i forhold til innhald og kostnadsvurdering. Restbehov etter 2029 er uklart pr i dag.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Nei

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Prosjektet må og sjåast i samanheng med prosjektark Bildøyvegen/Straumsundet bru



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta? Ja

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken? 2. halvår

Planstatus utdjuping

Prosjektet består av 11 delprosjekt, der status for planarbeid er ulikt, frå ikkje starta til ferdig regulert. I HP 2026 - 2029 er det bedt om gjennomføringmidlar til tiltak på skuleområde Bildøy. Denne områdeplanen er ikkje starta opp og midlar til gjennomføring i 2027/2028 er tenkt til tiltak som er ferdig regulert. Kommunen vil gjennomføre eit forprosjekt med eigne midlar i 2026 for å vera klar til gjennomføring i 2027/2028.

Status grunnerverv

Ikke avklart

Status grunnerverv utdjuping

Nokre delområder har avklart grunnerverv, medan andre ikkje er avklarte. Dei områda kommunen her ber om gjennomføringsmidlar til er i privat eige. Kommunen skal ikkje overta grunn, men formalisere rett til gjennomføring ved å inngå avtalar med rettshavarar i 2026.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjuping

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	
				1. kvartal 2026	4. kvartal 2026	1. kvartal 2027	4. kvartal 2028	2. kvartal 2029

Gjennomføringsplan utdjuping


Kommunen gjennomfører eit forprosjekt i 2026 med eigne midlar, og det er tenkt at forprosjektet gjev grunnlag til at delprosjekt kan gjennomførast i 2027/2028. Dette er deler av almenningen som ligg i godkjent reguleringsplan, mellom Straume sentrum og sjøfronten. Vidare gjennomføring av andre byggetrinn i almenningen må utsetjast til eventuell ny byvekstperiode.



Vestsidivegen

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål

Det er ønskelig å få realisert et tilbud for myke trafikantar på strekninga frå Skålevik skule til Møvik. Den ca. 2,5 km lange delstrekninga vil vere framtidig skuleveg til ny skule i Møvik. Ny gang- og sykkelveg her vil knyte skule og lokalsenteret Møvik-Ulveset til busetnaden i Skålvik og Skålvik kunstgrasbane. Det skal regulerast og byggast ny gs-veg langs vestsida langs dagens veg. Fylkeskommunen ferdigstilte eit forprosjekt for Vestsidivegen i 2023. Dette vil gi grunnlag for eventuelt vidare arbeid.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Nei	
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	
Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	
Betre trafikktryggleik?	Ja	
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	
Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Kan gje noko færre reiser der skulebarn blir kjørt til skule, dersom det vert etablert eit meir sikkert tilbod til mjuke trafikantar.

Samfunnsøkonomisk nytte

Det bur omlag 1400 innbyggjarar innafor sentersona, og omlag 450 av desse har ikkje eit akseptabelt g/s tilbod. I bustadsona er det ein bustadreserve på omlag 170.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet er forankra i KPS, der Møvika/Ulveseth er eitt av 7 lokalsenter. Lokalsenteret samlar eit omland av bustader og verksemder rundt skule og barnehageområdet og daglegvare. Avgrensinga er definert med utgangspunkt i 10 min sykkelavstand. Det er eit godt tilbod for gåande og syklende mot aust, men manglar tilsvarande tilbod mot nord, mellom Skålevik og Møvika. Arealstrategiane i KPS seier at vi skal prioritere trygge og attraktive koplingar og trasear for gåande og syklende innanfor sentersonene.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Ikke vurdert pt.



Finansiering

Totalkostnad (type)

Antatt totalkostnad

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000) 98800

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering	Fylkeskommunale midlar					2 000	5 000
Bygging	Statlege post 30-midlar						75 700
MVA	Fylkeskommunale midlar						16 100

Kostnadsvurdering

Annet

Kostnadsvurdering utdyping

Kostnader er vurderte i forbindelse med utarbeiding av forprosjekt. Likevel er desse usikre. Det er ikkje teke omsyn til grunnverv. Det er ikkje utført grunnundersøking. Fylkeskommunen vil foreta anslag på reguleringsplan når planutkast eventuelt foreligger. Merk: I forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffingar (anskaffelsesforskriften) er det gjort endringar, der oppdragsgjevar ved utlysninger etter 1.1.2024 skal vekte klima og miljøkrav. Dette vil kunne virke på kostnader i prosjekta, men dette er det for tidleg å sei noko om og vil måtte vurderast i kommande rulleringer av handlingsprogrammet.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Opphavelag var det tiltenkt at grensegang mellom fylket sin regulering av veg og kommunen sin regulering av skuletomta på Møvik ville bli avklart i vidare prosess i samband med oppstart av planarbeida. Øygarden kommune har i sitt forslag til investeringsbudsjett foreslått å ikkje gå vidare med ny skule på Møvik, men utvide Ulveset skule - og legge ned Skålevik.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan?

Ja

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Nei

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping

Forprosjekt fra 2023 for Vestsidivegen vert lagt til grunn for eventuelt planarbeid. Deler av strekninga er regulert, men ekspropriasjonsheimel er utgått og dette medfører ein risiko i høve grunnverv. Det vil og vera utfordrande å halde seg innafor gjeldande plangrenser i høve kurvatur, areal for rigg og drift. Tiltaket har ikkje fått planmidlar over det fylkeskommunale planbudsjettet for 2026.

Status grunnverv

Ikke avklart

Status grunnverv utdjuping

Ikkje relevant pt.

Forberedande arbeid

Forberedande arbeid utdjuping

Ikkje relevant pt.


Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping

Det er ved denne rulleringa usikkert når oppstart av reguleringsplan vil kunne skje.

Vorland-Forland

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.



Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Nei
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune

Prosjektomtale og føremål

På Forland er det ungdomsskule og barneskule og området er definert som lokalsenter i samfunnsplanen til Øygarden kommune. Det ønskes etablert løysing for gåande og syklande. Gang- og sykkelvegen vil ligge på vestsiden av Fv. 560 nesten frem til Steinsland. Her er det planlagt at gang-/sykkelvegen krysser under fylkesvegen i en egen kulvert. Videre følger gang-/sykkelveg på østsiden av fylkesvegen, helt frem til krysset ned til Forland. Dette er samme side som eksisterende gang-/sykkelveg følger vidare sørover til Klokkarvik. Prosjektet avsluttes i nærheten til Stranda barneskule som kan ta imot opp mot 380 elever, og på ungdomsskolen går det ca. 300 elever. Idrettshall, svømmehall og idrettsbane er også mye brukt på kveldstid. Den totale lengden er ca. 3.5 km. Før detaljprosjektering vil fylkeskommunen vurdere hva som er mulig å få til innenfor gjeldende plan, og om det vil være behov for omregulering. Tverrsnittet i gjeldende reguleringsplan er breitt og fylkeskommunen ønsker å etablere en nedskalert vegbane for å tilpasse et tilbud for gåande og syklande, for å redusere inngrepet, kostnader og for å holde fartsnivået nede (tilpasset fartsgrense på strekningen). Fylkeskommunen vil også vurdere utforming avskille mot veg og valg av side og plassering av kulvert. Det er et mål at tilbudet blir tilpasset flest mulig brukere i boligområdene langs strekningene. Men eventuelle justeringer må kunne skje etter gjeldende reguleringsplan. Regulert strekning er kostnadskreven, men strekningen knyttes sammen med eksisterende gs-veger i begge ender. Det er derfor anbefalt å bygge ut hele strekningen samlet. Dersom det vurderes å bygge ut i etapper bør området ved Sund Ungdomsskule/Stranda Skule og mot butikken på Forland prioriteres.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklande? Nei

Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklande? Ja

Det er ikke sammenhengende tilbud på strekningen i dag. Strekinga får tilbud til gåande og syklande og vil derfor gi betre framkomst for gåande og syklande.

Betre heilskap/samanheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Sjå svar over.
Betre trafikktryggleik?	Ja	Separat anlegg for mjuke trafikantar betrar trafikktryggleiken for denne trafikantgruppa på strekninga.
Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Nei	
Færre personbilreiser på andre måtar?	Ja	Kan gje noko færre reiser der skulebarn blir kjørt til skule, dersom det vert etablert eit meir sikkert tilbod til mjuke trafikantar.

Samfunnsøkonomisk nytte

Det bur omlag 800 innbyggjarar innanfor sentersona, og omlag 400 av desse har ikkje eit akseptabelt g/s tilbod. I sentersona er det ein bustadreserve på omlag 300. Reguleringsplanen ha ei vidare utstrekning enn lokalsenteret, og strekkjer seg til ytterkant av skulekretsgrensa i nordvest. Ser vi på kor mange som bur utanfor sentersona, men innanfor same skulekrets, er det 540 innbyggjarar som vil ha nytte av om heile strekket som er regulert blir realisert.

Prosjektet sitt forhold til andre planar

Prosjektet er forankra i KPS som eit av 7 lokalsenter. Lokalsenteret samlar eit omland av bustader og verksemder rundt skule og barnehageområdet og daglegvare. Avgrensinga er definert med utgangspunkt i 10 min sykkelavstand. Det er godt tilbod for gåande og syklende mot aust og sør, men manglar tilsvarande tilbod mot nordvest. Arealstrategiane i KPS seier at vi skal prioritere trygge og attraktive koplingar og trasear for gåande og syklende innanfor sentersonene.

Prosjektet sitt forhold til andre fag/satsingsområde

Ikkje sentralt for dette tiltaket.



Finansiering

Totalkostnad (type)

Totalkostnad i 2026-kr (tal i heile 1000)

	Finansieringskjelde	Tidlegare løyvingar	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Prosjektering							
Bygging							
MVA							

Kostnadsvurdering

Kostnadsvurdering utdyping

Ved tidspunkt for utarbeiding av prosjektark foreligger det ikke tilstrekkelig grunnlag for å beregne kostnader. Om tiltaket framleis er aktuelt vil fylkeskommunen jobbe vidare med kommunen for å vurdere utstrekning og løysningar frem mot neste rullering.

Er prosjekt vurdert av byggherre?

Ja

Korleis kan vi tene på å sjå dette prosjektet i samanheng med andre prosjekt/tiltak?

Det er ikkje vurdert pt.



Plan og gjennomføring

Krev prosjektet ny reguleringsplan? Nei

Har arbeidet med reguleringsplan starta?

Kva år er reguleringsplan venta vedtatt?

Kva halvår er reguleringsplan venta vedteken?

Planstatus utdjuping Den regulerte strekninga er om lag 3 km. Reguleringsplanen med ID: 4626_124520160002 Fv. 560 (Fv. 555) Vorland-Forland i Øygarden kommune. Planen ble godkjent i 2014.

Status grunnerverv Avklart

Status grunnerverv utdjuping Det er ikke behov for ytterligere grunnerverv. Statens vegvesen foretok grunnerverv under sams vegadministrasjon før 2020, i et slikt omfang at tiltak lar seg realisere innenfor tilgjengelig areal.

Forberedande arbeid Ikkje aktuelt

Forberedande arbeid utdjuping Ikke relevant

Forprosjekt		Planfase		Prosjekteringsfase		Byggefase		Ferdig
Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	Start	Slutt	

Gjennomføringsplan utdjuping


Fylkeskommunen vil jobbe videre med kommunen for å vurdere utstrekning og løsninger frem mot kommande rulleringar av handlingsprogrammet.



Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1

Klikk på kartet for å sjå det interaktivt.

Var prosjektet ein del av handlingsprogram 2026–2029?	Ja
Første gong prosjektet vert spelt inn?	Nei
Satsingsområde:	Gange og sykkelveg
Tiltaksområde:	Gange; Sykkel; Trafikktryggleik; Kollektiv; Areal og knutepunktsutvikling
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppe vest
Kommune:	Øygarden kommune
Byggherre/ansvarleg:	Vestland fylkeskommune
Vegeigar:	Vestland fylkeskommune
Driftsansvarleg:	Vestland fylkeskommune



Prosjektomtale og føremål

Tiltaket er miljøgate på Ågotnes mellom parkeringsplass Kårtveitpollen langs fylkesvegen til innkjøring til kollektivterminalen. Miljøgata inkluderer gang/sykkeltrase og vil styrke forbindingane for gåande/syklende mellom Angeltveit/Landro og inn mot kollektivterminalen på Ågotnes. Prosjektet vil gje auka trafikktryggleik og legg til rette for ei auka arealutnytting/fortetting i området. Ved å betre tilkomst til kollektivknutepunkt er ein med å redusere transportbehovet med bil i området. Ågotnes er eit kommunedelsenter med offentlege tenester som skule, barnehage, handel og helse- og omsorgstenester. Det er berre Straume som har fleire reisande med buss enn Ågotnes. I framlegg til mobilitetsplan vest er det og spelt inn ei mogleg forlenging av regionstamlinje Ågotnes - Straume til Angeltveit/Landro. Dette første byggetrinnet vil utbetre ein flaskehals slik at ei eventuell forlenging av stamlinja lettare kan gjennomførast.



Måloppnåing

Bidreg prosjektet til:

Redusert reisetid for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Vil gje ei betre og samanhengande løysing for gåande og syklende frå kollektivterminal nordover mot området med mange bustader
Betre framkome for kollektiv, gåande og/eller syklende?	Ja	Ved ei mogleg forlenging av regionstamlinje frå Ågotnes nordover til Angeltveit, vil dette vera ein flaskehals som må utbedrast før ei slik forlenging kan gjennomførast
Betre heilskap/samheng i transportsystemet/-nettverket?	Ja	Etablerer samanhengande GS veg og betre koblingar for mjuke trafikantar til kollektivterminal
Betre trafikktryggleik?	Ja	Strekninga har hatt nokre ulykker med mjuke trafikantar, og det er gjort midlertidige tiltak for å betre tryggleiken. Ei miljøgate og betre løysingar for mjuke trafikantar vil og gje betre tryggleik.

Redusere behovet for personbilreiser ved effektiv arealutnytting?	Ja	Tiltaket opnar for fortetting med bustader tett på kommunedelsenteret med nærleik til offentlege tilbod og kollektivterminal
Færre personbilreiser på andre måtar?	Nei	Nei.

Samfunnsøkonomisk nytte

